




HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for juli-august 2014.

Årgang 50

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Øystein Alme
Visepres: Bernhard Harkjerr
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Karin S. Holstad
Styremedlem: Eileen B. Hareid
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Ansv.red.: Ågot Riise
Referent: Ågot Riise

Fødselsdager i juli-august:

Paus, Dagfinn	6. juli
Kristiansen, Jarle	9. juli
Holstad, Otto	13. juli
Holstad, Karin S.	28. juli
Hatlø, Magnar	30. juli
Aschehoug, Arne Gunnar	5. aug.
Einar Holm	12. aug.

TIDLIG MORGEN

Idagmorges da jeg vågnet,
ved jeg ei, hvad der var fat:
alle hæggens hvide blomster,
de var sprungne ud inat.

Alle hæggens hvide blomster
skinnede i morgensol,
og for første gang fra skoven
hørte jeg, at gjøgen gol.

Og med engang alt jeg husked
-- husked alt ifra igår.
Blodet stansed i mit hjerte,
å min Gud -- jeg ved ei selv

Hvorfor bruste alting om mig,
endskjønt gård i brysted brød,
hvorfor lo jeg som en dronning,
mens jeg ønsked jeg var død?

Juli er feriemåned. Det er difor programfrie møte.

Møte 04.08.2014

Møtet vart opna av presidenten, som ønskte alle velkomne. Vi fekk diverse info om føreståande hendingar. Komitéarbeidet gikk ut på grunn av "dokument" som skulle leverast til alle husstandar i Hareid.

Vi song opningssong, før Sverre Jarl Ulstein hadde ei orientering om dugnaden på Rotarystien. Dugnaden skulle vere på neste møtedag, måndag 11.08.14. Frammøte var bra i dag i forhold til Juli måned (feriemånad)

Idar Flø og Bjørn Teigene orienterte om "dokumentet", som var eit ønske om pengegåve/dugnadshjelp til Rotarystien.

Vi fekk tildelt roder der to og to medlemmar skulle dele ut "dokumentet". Vi avslutta møtet 18:30, og brukte ca. 1 time på utdelinga.

Møte 11.08.2014

Rotarydugnad : Kl. 17:00 – kl.19:00 4 mann stilte med ATV-ar m/hengar. Jan Bigset med traktor og gravemaskin. Det var lite frammøte, men vi jobba godt så arbeidet gikk unna. Sverre Bjåstad, Johs Hareide og Dag Hareide sådde igjen elvebarden langs Hareidselva ved Ulmatec. Frø var sponsa av Hareid Kommune. Kaffi og svele kl. 19:00.

Møte 18.08.2014

Presidenten opna møtet. Hadde med helsing frå Sverre Jarl Ulstein, som takka for frammøtet til dugnaden og let vel over arbeidet. Vi song "Blant alle lande", før presidenten ønskte foredragshaldar Frank Sve velkomen. Ordførar Anders Riise og Stortingsrepresentant Oskar Grimstad vart og ønskte velkomne til møtet.

Sve snakka om samferdsel i fylket vårt, veg og ferjer. Vi har 22 ferjestrekningar og mange kilometer med vegar. Disse skal vedlikehaldas. Utfordringane er store, større enn vi kan klare og økonomien er pressa. Vi fekk eit godt innblikk i korleis det står til i fylket vårt. Tilslutt vart det høve til spørsmål.

Møte 25.08.2014

Programfritt møte. Presidenten ønskte velkomen og nemde kven av medlemmane som hadde fylt år denne månaden. Vi klappa for dei. Vi song "La oss leve for hverandre". Etter det samla komitéane seg og diskuterte, over ein kopp kaffi og kaker.